



Ein europeisk blekksprut (*Loligo vulgaris*)



Foto: Erling Svendsen

Her ser du eit foto av ein europeisk blekksprut. Dette er ein tiarma blekksprut. Denne arten blir stort sett ikkje lengre enn 30 cm. Han bur i sjøen langs kysten vår. Du kan vere så heldig å sjå han på grunt vatn når han skal leggje egg. Elles bur han ned mot 500 meter under havoverflata. Blekksprutar er det vi kallar blautdyr.

Ein blekksprut kan skifte farge lynraskt. Dette gjer han for å kamuflere seg eller kommunisere med andre blekksprutar. Ein tiarma blekksprut har to litt lengre tentaklar i tillegg til dei åtte armene sine. Desse to tentaklane bruker han til å fange og ete mat med. Skulle blekkspruten vere så uheldig å få øydelagt ein slik tentakel, vil han ikkje vekse ut igjen. Blekkspruten et det meste han kjem over. Dei er rovdyr. Munnen til ein blekksprut finn du i midten der alle armene møtest. Munnen ser ut som eit omvendt papegøyenebb. Ein blekksprut kan symje både framover og bakover.

Vatn blir sogt inn i kappa og blir pressa ut gjennom ei trakt. Blekkspruten fyk då av stad baklengs. Han er som ein liten jetmotor.

Hoa legg opptil 20 000 egg i små gelérøyr som inneheld om lag 20 egg kvar. Desse røyra festar seg til plantar og steinar på botnen. Ein europeisk dameblekksprut blir om lag 2 år, og hannen blir rundt 3,5 år gammal.

[Sjå film av blekkspruten her](#)

Oppgåve


Teikn og mål din eigen europeiske blekksprut.



UTSJÅNAD

MAT

EG ER EIN



BUSTAD

FORMEIRING



Lag ein blekksprut



Du treng:

- Farga ull for toving.
- Aluminiumsfolie eller papplate og plastfolie.
- Grønsåpe.
- Balje med varmt vatn.
- Auge til blekkspruten.
- Lim.

Framgangsmåte:

Lag kroppen til blekkspruten av aluminiumsfolie eller klipp ut av kraftig papp.

Dekk eventuelt pappen med plastfolie.

Legg tynne, florlette lag av ullflak på kryss og tvers over formen.

Armane er laga av eit stort flak med ull som etter kvart blir klipte opp i 10 strimlar.

Strimlane må tovast litt ekstra kvar for seg for å bli runde.

Hell grønsåpevatn forsiktig over figuren og byrj å gni ulla i alle retningar.

Dette krev ein god porsjon tålmod. Det er berre å gni og fylle på med noko fukt.

Når blekkspruten er ferdig, skal du leggje han til tørk. Fest på store auge.

Auge kan kjøpast ferdige eller lagast av filt eller papir.

Lukke til!